

Referat frå møte i Grendautvalet i Vats

Tysdag 7. juli 2009 kl. 20.00 hos Jon Olav Velde

**Desse møtte: Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde, Severin Fatland, Jon Olav Velde
(Åsmund Kalstveit kunne ikkje møta.)**

Sak 1. Kandidatar til kongeleg festmiddag i Ølen Kulturhus 1. sept. –09

Kronprinsparet kjem på vitjing til Vindafjord 1. sept.. Då vil kommunen invitera utvalde folk til ein festmiddag i Ølen Kulturhus.

Grendautvala/bygdalaga fekk i oppdrag av kulturkontoret v/Eva Kalstveit til å velja ut 8 personar frå kvar bygd som har gjort ein stor innsats for bygda si på ulike måtar til å vera gjester. Det var vanskeleg å velja, for det er svært mange som kunne gjera seg fortente til dette. Desse vart utpeika til å vera med;

1. Omil Eikanes
2. Tordis Lofthus
3. Synnøve Stødle
4. Sissel Wollertsen
5. Modgunn Nesheim
6. Steinar Sørhus
7. Jon Olav Velde
8. Ingeborg og Gudvin Vågen

Sak 2. Kommuneplanen – arealdelen – del 1.

Høyringsutkastet er nå kome ut og skal ut på høyring med frist 20. sept.

Grendautvalet vil arrangera eit ope folkemøte i Vindafjordhallen der Øyvind Valen, som har utarbeidd planen, til å vera med denne kvelden.

Grendautvalet ynskjer ope folkemøte onsdag 9. sept. i Vindafjordhallen.

(Jon Olav spør om storsdalen er ledig denne kvelden)

Sak 3. Kontrakt med NIVA om prøvetakingsprogram i Vatsvassdraget.

Åsmund Kalstveit har sett opp ein arbeidskontrakt med NIVA om prøvetaking og kostnadsramme. Grendautvalet er svært glad for at dette arbeidet er kome i gong.

Kostnadsramma er på 100 000 kr.

Det er nå kome inn 89 500 kr på kontoen til Grendautvalet. Det kjem meir inn slik at finansieringa er i boks.

Grendautvalet gir Åsmund fullmakt til å få denne kontrakten underteikna.

Sak 4. Kommunal turstigruppe.

Jon Olav er med i denne gruppa frå Grendautvalet. Dei har hatt fleire møte og kome godt i gong med arbeidet. (Alf Egil Vaula frå Bondelaget er også med i gruppa.)

Han orienterte utvalet om arbeidet og synte standardskilt og merkepinnar som blir sett opp på prioriterte stiar. Han har gjort avtalar med grunneigerane om rydding, merking og skilting og om å laga parkeringsplassar m/informasjonstavle.

Her i Vats blir det P-plass med infotavler desse stadene dette året:

- a. Ved Eikesdalsvegen oppe ved brua v/Andreas Lundegård - til Eikesdalsfjellet
- b. Blikra - hos Torunn Blikra – til Åksla , Vardafjellet, Døldaren, Brennesteg
- c. Vestvoll – hos Helge og Jenny Rødde – til Frierane og Hovda
- d. Aurdal – hos Jan Haslemo – til Sandeid, Sletthaug, Åksla, Vardafjellet
- e. Stokkadalen – Hos Halvard Stokkedal – til Tjort
- f. Raunes – hos Johnny og Brynhild Frøland – til Stråtveit

Sak 5. Møteplan framover:

- a. Styremøte i Grendautvalet blir **onsdag 19. august 2009 kl. 19.30 på Vats skule.**

Saker: Laga strategi/opplegg for folkemøte i Vindafjordhallen.

- b. Folkemøte i Vindafjordhallen – **onsdag 9. september 2009 kl.**

Saker: 1.. Kommuneplanen,

2.. Orientering om saker Grendautvalet arbeider med,

3. Heimesida til Vats,

4. Rapport om prøvetaking av Vatsvassdraget som NIVA held på med.

5. ??

Øvre Vats 7/7 – 09

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-